



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 951 437 190  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: BØNDENES HUS AS  
Forretningsadresse: Rosenkrantz' gate 8  
0159 OSLO

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

### Konsern

Mørselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Trond Andersen  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 14.04.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 26.05.2022



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Anna driftsinntekt		1 642 315	11 068 607
Leigeinntekter		7 832 740	21 331 703
<b>Sum inntekter</b>	13,15	<b>9 475 055</b>	<b>32 400 310</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad	2,12	4 127 731	3 503 268
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3	6 687 795	6 545 679
Annan driftskostnad	15	2 300 163	3 935 751
<b>Sum kostnader</b>		<b>13 115 689</b>	<b>13 984 698</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-3 640 634</b>	<b>18 415 612</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i dotterselskap og i tilknytt selskap		687 240	2 827 723
Renteinntekt frå føretak i same konsern		689 540	680 914
Anna renteinntekt		714 625	775 091
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>2 091 405</b>	<b>4 283 728</b>
Rentekostnad til føretak i same konsern	7,15	1 766 856	1 686 081
Annan rentekostnad	7,16	2 518 927	2 863 992
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>4 285 783</b>	<b>4 550 073</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-2 194 378</b>	<b>-266 345</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-5 835 012</b>	<b>18 149 267</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-1 203 065	4 075 277
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-4 631 947</b>	<b>14 073 990</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-4 631 947</b>	<b>14 073 990</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte			2 800 000
Overføring til/frå annan eigenkapital		-4 631 947	11 273 990
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>-4 631 947</b>	<b>14 073 990</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
---------------------	-------------	-------------	-------------

---



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3,6	98 347 932	102 741 505
Driftslausøyre, inventar, verkøy, kontormaskinar og liknande	3,6	634 149	623 893
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>98 982 081</b>	<b>103 365 398</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	4	26 870 374	14 470 374
Lån til føretak i same konsern	5	26 142 819	25 189 819
Investeringar i aksjar og partar		10 002	10 002
Pensjonsmidlar	12	0	1 452 321
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>53 023 195</b>	<b>41 122 516</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>152 005 276</b>	<b>144 487 914</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav	5,6	2 845 313	1 261 033
Andre krav	5	5 471 610	3 292 603
<b>Sum krav</b>		<b>8 316 923</b>	<b>4 553 636</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	11	25 360 425	34 887 928
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>25 360 425</b>	<b>34 887 928</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>33 677 348</b>	<b>39 441 564</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>185 682 624</b>	<b>183 929 478</b>

## BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital	10	12 600 000	12 600 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>12 600 000</b>	<b>12 600 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		21 324 488	25 956 435
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>21 324 488</b>	<b>25 956 435</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	9,14	<b>33 924 488</b>	<b>38 556 435</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt	8	9 935 961	11 218 444
<b>Sum avsetjinger for plikter</b>		<b>9 935 961</b>	<b>11 218 444</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	6,16	79 111 954	80 282 788
Langsiktig konserngjeld	5	25 438 240	23 523 302
Ansvarleg lånekapital	5	18 929 749	18 929 749
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>123 479 943</b>	<b>122 735 839</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>133 415 904</b>	<b>133 954 283</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	5	953 327	1 527 540
Betalbar skatt	8	79 418	1 883 733
Skuldige offentlege avgifter		361 115	701 062
Utbytte	5	0	2 800 000
Anna kortsiktig gjeld	5	16 948 372	4 506 425
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>18 342 232</b>	<b>11 418 760</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>151 758 136</b>	<b>145 373 043</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>185 682 624</b>	<b>183 929 478</b>



## Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		66 955 743	92 491 167
Anna driftsinntekt		14 652 358	53 593 267
<b>Sum inntekter</b>	13,15	<b>81 608 101</b>	<b>146 084 434</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad	1	25 003 143	33 603 371
Lønnskostnad	2,12	41 702 596	50 327 286
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	3	12 018 863	11 844 388
Annan driftskostnad	15	23 056 390	31 879 782
<b>Sum kostnader</b>		<b>101 780 992</b>	<b>127 654 827</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-20 172 891</b>	<b>18 429 607</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		727 145	797 333
Anna finansinntekt		601 223	66 693
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 328 368</b>	<b>864 026</b>
Rentekostnad til føretak i same konsern	7,15	1 570 609	1 686 081
Annan rentekostnad	7,16	3 396 736	3 293 837
Annan finanskostnad		56 490	144 122
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>5 023 835</b>	<b>5 124 040</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-3 695 467</b>	<b>-4 260 014</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-23 868 358</b>	<b>14 169 593</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-5 440 929	3 370 669
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-18 427 429</b>	<b>10 798 924</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-18 427 429</b>	<b>10 798 924</b>
Minoritetsinteresser		-15 720	342 926
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-18 411 709</b>	<b>10 455 998</b>



## Konsernets resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte			2 800 000
Overføring til/frå annan eigenkapital		-18 427 429	7 998 924
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>-18 427 429</b>	<b>10 798 924</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Forsking og utvikling	3	906 055	1 136 119
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>906 055</b>	<b>1 136 119</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3,6	98 903 817	103 010 030
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	3,6	20 924 182	21 921 916
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>119 827 999</b>	<b>124 931 946</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar		30 003	30 003
Andre krav	5	104 118	98 086
Pensjonsmidlar	12	0	4 955 872
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>134 121</b>	<b>5 083 961</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>120 868 175</b>	<b>131 152 026</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Varer	1,6	29 950 896	31 541 743
<b>Sum varer</b>		<b>29 950 896</b>	<b>31 541 743</b>
<b>Krav</b>			
Kundekrav	5,6	2 092 148	1 965 852
Andre krav	5	8 850 690	4 846 667
<b>Sum krav</b>		<b>10 942 838</b>	<b>6 812 519</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	11	1 630 268	20 611 456
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>1 630 268</b>	<b>20 611 456</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>42 524 002</b>	<b>58 965 718</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>163 392 177</b>	<b>190 117 744</b>



## Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Selskapskapital	10	12 600 000	12 600 000
<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>12 600 000</b>	<b>12 600 000</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Annan egenkapital		-4 648 376	13 461 457
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>-4 648 376</b>	<b>13 461 457</b>
Minoritetsinteresser		87 585	114 765
<b>Sum egenkapital</b>	9,14	<b>8 039 209</b>	<b>26 176 222</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt	8	9 324 849	11 514 778
<b>Sum avsetjinger for plikter</b>		<b>9 324 849</b>	<b>11 514 778</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	6,16	79 111 954	80 282 788
Langsiktig konserngjeld	5	25 438 240	23 523 302
Ansvarleg lånekapital	5	18 929 749	18 929 749
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>123 479 943</b>	<b>122 735 839</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>132 804 792</b>	<b>134 250 617</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		3 144 194	0
Leverandørgjeld	5	4 198 387	9 978 676
Betalbar skatt	8	3 679 418	1 883 733
Skuldige offentlege avgifter		4 921 360	5 963 652
Utbytte	5	0	2 800 000
Anna kortsiktig gjeld	5	6 604 817	9 064 844
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>22 548 176</b>	<b>29 690 905</b>



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Sum gjeld		155 352 968	163 941 522
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>163 392 177</b>	<b>190 117 744</b>



**ÅRSREKNESKAP**

**2020**

**Bøndenes Hus AS**

org. nr.: 951 437 190



**Innhold**

---

**Årsmelding**

**Resultatrekneskap**

**Balanse**

**Kontantstrømoppstilling**

**Notar**

**Revisjonsmelding**



## Styret si årsmelding for 2020 Bøndenes Hus AS

Bøndenes Hus AS er eideoms- og morselskapet for forretningsdrifta til Bondeungdomslaget i Oslo (BUL). Selskapet eig:

- LL Lagsbruka til BUL i Oslo (100 %) som driv Hotell Bondeheimen og Kaffistova og har inntektene sine frå utleige av hotell- og møterom og frå sal av mat og drikke.
- Heimen Husfliden AS (100 %), selskapet eig Heimen LL Husflitsutsal (100 %) som driv produksjon og sal av bunader, sal av bunadstilfang og andre gåve- og bruksgjenstandar med rot i norsk og skandinavisk handverkstradisjon og design, Den Norske Husfliden AS (90,9 %) som driv sal av husflidsprodukt, bunad, bunadstilfang, strikk og andre gåve- og bruksgjenstandar med rot i norsk og skandinavisk handverkstradisjon og design, frå eigen butikk i Glasmagasinet i Oslo sentrum og Solhjell AS (100 %) med dotterselskapet Solhjell Baltic OÜ, som driv produksjon og sal av bunader.

I tillegg eig selskapet bygarden Rosenkrantz' g. 8. Selskapet har kontor saman med resten av forretningsverksemda til Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) i Rosenkrantz' g. 8, Oslo. Gardelskapet Rosenkrantz' g. 8 AS vart skipa i 1911 og blei fusjonert inn i Bøndenes Hus AS i 1998.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfester styret at føresetnadene for vidare drift er til stades.

Det har ikkje vore ulykker eller skadetilfelle i 2020. Verksemda har bedriftshelsetenesteordning saman med dotterselskapa. Talet på tilsette i selskapet/konsernet var ved årsskiftet 3 (2,5 årsverk)/152 (102,5 årsverk) og arbeidsmiljøet er rekna som godt. Det samla sjukefråværet i verksemda var i 2020 på 0,0 %/4,6 %.

I konsernet sett under eitt er det ei overvekt av kvinnelege tilsette. Vi praktiserer prinsippet lik lønn for likt arbeid og legg vekt på ei jamnare kjønnsfordeling ved nyttilsettingar. Konsernet har ein rekrutterings- og personalpraksis som skal sikre like muligheter og rettar og hindre diskriminering på grunnlag av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Selskapet har ingen produksjon eller aktivitet som medfører ulovleg forureining av det ytre miljøet.

For morselskapet blei årets resultat etter skattekostnad eit underskot på kr 4 632' mot eit overskot på kr 14 074' i 2019. Hovudårsaka til endringa i resultatet er korona-pandemien og at Bøndenes Hus AS i 2019 selde eit husvære i Oslo med ein gevinst på kr 11 069'. Bøndenes Hus AS har mottatt konsernbidrag frå dotterselskap med kr 687'.

Styret tilrår å føre årets negative resultat på kr 4 632' mot annan eigenkapital. Eigenkapitalen var ved årsskiftet kr 33 924' (18,3 %) etter føring av årets resultat. Eigaren (BUL) har gitt selskapet eit ansvarleg lån på kr 18 930'. Den ansvarlege kapitalen utgjer 10,2 % av totalbalansen. Det har ikkje vore vesentlege hendingar sidan balansedagen som påverkar rekneskapskapen, bortsett frå innvilga støtte frå kompensasjonsordninga del 2 på kr 800', og styret kjenner ikkje til at det er knytt vesentleg uvisse til rekneskapskapen.

For konsernet blei årets resultat etter skattekostnad eit underskot på kr 18 427' mot eit overskot på kr 10 799' i 2019. Nedgangen i resultat er samansett av gevinst på sal av husvære i 2019 og omsetningsnedgang i alle dotterselskap på grunn av korona-pandemien. Konsernet har i 2020 også gjort om sine ytingsbaserte pensjonsordningar til innskotsbaserte ordningar. Dette inneber at ytingsordningane er avslutta gjennom utferding av fripolisar til alle medlemmer, både aktive og pensjonistar, i den ytingsbaserte ordninga, samtidig som dei aktive medlemmene har blitt overført til konsernets etablerte innskotsordning. Dette tiltaket reduserer risikoen knytt til pensjon i konsernet og vil redusere både utgifter og kostnader knytt til pensjon dei kommande åra. Dei rekneskapsmessige effektane i 2020 går fram av note 12 til rekneskapskapen.

Bokført eigenkapital i morselskapet utgjer ved årsskiftet 269 % av aksjekapitalen. I tillegg er reell eigenkapital betydeleg høgare, ref. note 14 – verdijustert eigenkapital. Det ligg ein meirverdi i bygget på kr 154 252' og ein verdijustert eigenkapital etter skatt på kr 154 241'.

Covid-19 har påverka heile konsernet i stor grad. Ei av konsernets hovudverksemdar, Hotell Bondeheimen og Kaffistova, har vore spesielt hardt råka. Omsetningsnedgangen frå 2019 er på



kr 44 726' eller 67,8 %. Bunad/husflid sal og produksjon har klart seg betre, men har også hatt ein stor omsetningsnedgang. For konsernet under eitt har omsetninga falle med kr 64 476' eller 44,1 %.

Konsernet har gjennomført omfattande tiltak for å minimere skadeverknadene frå pandemien. Hotell Bondeheimen var stengt frå medio mars til starten av juni. Kaffistova var stengt frå medio mars til medio mai. Dei fleste tilsette i hotellet og Kaffistova vart permittert. I husflidsbutikkane blei opningstidene redusert og fleire tilsette heilt eller delvis permittert. Nokre medarbeidarar har sagt opp, men det er ikkje gjennomført generelle oppseiingar foreløpig. I konsernet er ved årslutt framleis over 40 tilsette permittert. Det er gjennomført generelle kostnadskutt i driftskostnader der det har vore mogleg. Planlagde investeringar er utsett, og berre heilt nødvendig vedlikehald blir gjennomført. Det er avtalt avdragsfridom med banken, for tre kvartal i 2020 og tre kvartal i 2021, og dette betrar likviditeten med ca. kr 7 000'. Kompensasjonsordninga for 2020 har tilført konsernet kr 2 410', av dette er ca. kr 1 600' innbetalt i 2020 og resten i februar 2021. Kompensasjonsordninga blir vidareført i delar av 2021 og vil medføre ytterlegare innbetalingar. Vi ventar at ordninga med tilbakebetaling av innbetalt selskapsskatt i 2018 og 2019, vil tilføre likviditet med ca. kr 3 300' i 2021.

Konsekvensen av covid-19 er framleis usikker. Gjeldande norske restriksjonar og tilrådingar vedrørende smittevern vil gi lågare etterspørsel i ein periode. Etterspørselen er forventta å ta seg opp i takt med at myndighetene lempar på restriksjonar.

Covid-19 epidemien er ikkje over, og særleg drifta av hotellet vil framleis vere hardt råka gjennom bortfall av inntekter i første del av 2021, noko som igjen påverkar resultat og kontantstraum. Estimert indikerer fortsatt svakt belegg fram til medio 2021 og deretter ei gradvis betring i andre halvår. Sjølv om det framleis råder stor uvisse rundt kor lenge covid-19-pandemien vil vare og korleis den vil påverke konsernet, meiner vi at streng kostnadskontroll og stram likviditetsstyring er tilstrekkeleg for å ta konsernet gjennom pandemien.

For morselskapet var kontantstraumen frå drifta negativ med kr 4 214'. Etter investerings- og finansieringsaktivitetar blir netto kontantstraum for perioden negativ med kr 9 528'. For konsernet er kontantstraumen frå drifta negativ med kr 13 497', og netto kontantstraum etter investerings- og finansieringsaktivitetar negativ med kr 18 981'.

Kontantbeholdninga i morselskapet har gått ned frå kr 34 888' til kr 25 360' i løpet av 2020. Samla bankinnskott i konsernet per 31.12.20 var kr 1 630', ein nedgang på kr 18 981' frå 31.12.19.

I 2020 blei hotellrom og fellesområde i 5. etasje pussa opp. Infrastruktur til VVS er også oppgradert.

Verksemda har i dag eit styre samansett av 3 menn og 3 kvinner. Det har vore 6 styremøte i løpet av året.

Styret reknar selskapet sine framtidsutsikter som gode, basert på verksemda sin lange tradisjon og posisjon i marknaden. Marknadsrisikoen til selskapet er knytt til utviklinga i hotellmarknaden i Oslo og til utviklinga på marknaden for bunadsprodukt og -produksjon. Reiselivet, serveringsstader og handel har vore svært hardt råka av korona-pandemien. Reiseliv, servering og handel er venta å begynne å ta seg opp igjen når mange er vaksinert og tiltaka kan lettast på. Vi ventar at dette skjer frå medio 2021. Det vil ta tid å komme tilbake til slik marknaden var før pandemien. For vår hotellverksemd vil den gode lokaliseringa og fokus på drift medverke til at vi kan oppretthalde ein god posisjon i marknaden. Marknaden for bunadsprodukt er under omstrukturering med stadig meir produksjon i lågkostland. Dette har vi førebudd oss på og investerer i framtida gjennom effektiv produksjon, kvalitet og godt handverk.

Styret reknar selskapet sin kredittrisiko for låg, då store delar av omsetninga skjer kontant eller som forskotsbetaling. Solhjell Baltic driftar frå Estland og har ein valutarisiko knytt til drifta, denne valutarisikoen er ikkje sikra. Drifta er budsjettert med eit likviditetsoverskot i 2021, og likviditetsrisikoen er middels til låg. Konsernet har ein kassekreditt på kr 11 000', denne var trekt opp med kr 1 514' ved årslutt.



Oslo, 17. mars 2021

Rune Stenersen  
Styreleiar

Øivind Dahl  
Nestleiar

Rikke Edland  
Styremedlem

Ane Marte Wold  
Styremedlem

Arne Sunde  
Styremedlem

Linn Helén Svendsen-Lien  
Styremedlem

Trond Andersen  
Dagleg leiar



## Bøndernes Hus AS RESULTATREKNESKAP

Morselskap			Konsern		
2020	2019	Note	2020	2019	
0	0	Salsinntekter	66 955 743	92 491 167	
1 642 315	11 068 607	Andre driftsinntekter	14 652 358	53 593 267	
7 832 740	21 331 703	Leieinntekter	0	0	
<b>9 475 055</b>	<b>32 400 310</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>81 608 101</b>	<b>146 084 434</b>	
0	0	Varekostnad	1	25 003 143	33 603 371
4 127 731	3 503 268	Lønnskostnad	2, 12	41 702 596	50 327 286
6 687 795	6 545 679	Avskrivning	3	12 018 863	11 844 388
2 300 163	3 935 751	Andre driftskostnader	15	23 056 390	31 879 782
<b>13 115 689</b>	<b>13 984 698</b>	<b>Sum driftskostnad</b>	<b>101 780 992</b>	<b>127 654 827</b>	
<b>-3 640 634</b>	<b>18 415 612</b>	<b>Driftsresultat</b>	<b>-20 172 891</b>	<b>18 429 607</b>	
687 240	2 827 723	Kostnad/inntekt på investeringar i dotterselskap	0	0	
689 540	680 914	Renteinntekt frå føretak i same konsern	0	0	
714 625	775 091	Andre renteinntekter	727 145	797 333	
0	0	Andre finansinntekter	601 222	66 692	
1 766 856	1 686 081	Rentekostnad til eigar og føretak i same konsern	7, 15	1 570 609	1 686 081
2 518 928	2 863 993	Andre rentekostnader	7, 16	3 396 736	3 293 837
0	0	Annan finanskostnad	56 490	144 122	
<b>-5 835 012</b>	<b>18 149 267</b>	<b>Ordinært resultat før skattekostnader</b>	<b>-23 868 358</b>	<b>14 169 593</b>	
-1 203 065	4 075 277	Skattekostnader på ordinært resultat	8	-5 440 929	3 370 669
<b>-4 631 947</b>	<b>14 073 990</b>	<b>Årsresultat</b>	<b>-18 427 429</b>	<b>10 798 924</b>	
		Minoritetens andel	-15 720	342 926	
		<b>Disponering (dekking) av årsresultatet</b>			
0	2 800 000	Føreslått utbytte	0	2 800 000	
-4 631 947	11 273 990	Til/frå annan eigenkapital	-18 427 429	7 998 924	
		Til/frå udekt tap	0	0	
<b>-4 631 947</b>	<b>14 073 990</b>		<b>-18 427 429</b>	<b>10 798 924</b>	



## Bøndernes Hus AS

BALANSE PR. 31.12.

Morselskap			Konsern		
2020	2019	EIGEDLAR	Note	2020	2019
		Forskning, utvikling, konsesjonar, goodwill o.l	3	906 055	1 136 119
<b>0</b>	<b>0</b>	<b>Sum immaterielle eigedeler</b>		<b>906 055</b>	<b>1 136 119</b>
98 347 932	102 741 505	Tomter, bygningar o.a. og annan fast eigedom	3, 6	98 903 817	103 010 030
634 149	623 893	Driftslausøyre, inventar, verktoy o.l.	3, 6	20 924 182	21 921 916
<b>98 982 081</b>	<b>103 365 398</b>	<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<b>119 827 999</b>	<b>124 931 946</b>
26 870 374	14 470 374	Investeringar i aksjar og andelar	4	0	0
26 142 818	25 189 819	Lån til føretak i same konsern	5	0	0
10 002	10 002	Investeringar i aksjar og andelar		30 003	30 003
0	0	Andre fordringar	5	104 117	98 085
0	1 452 321	Pensjonsmidlar	12	0	4 955 872
<b>53 023 194</b>	<b>41 122 515</b>	<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<b>134 120</b>	<b>5 083 960</b>
		Kostnad/inntekt på investeringar i dotterselskap			
<b>152 005 276</b>	<b>144 487 914</b>	<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>		<b>120 868 175</b>	<b>131 152 026</b>
<b>0</b>	<b>0</b>	<b>Varer</b>	1, 6	<b>29 950 896</b>	<b>31 541 743</b>
2 845 313	1 261 033	Kundefordringar	5, 6	2 092 148	1 965 852
5 471 610	3 292 603	Andre fordringar	5	8 850 690	4 846 667
<b>8 316 923</b>	<b>4 553 636</b>	<b>Sum fordringar</b>		<b>10 942 838</b>	<b>6 812 519</b>
<b>25 360 426</b>	<b>34 887 928</b>	<b>Bankinnskott, kontantar o.l.</b>	11	<b>1 630 269</b>	<b>20 611 457</b>
<b>33 677 349</b>	<b>39 441 564</b>	<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>		<b>42 524 003</b>	<b>58 965 719</b>
<b>185 682 624</b>	<b>183 929 478</b>	<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>163 392 177</b>	<b>190 117 744</b>



## Bøndenes Hus AS

BALANSE PR. 31.12.

Morselskap				Konsern	
2020	2019	EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2020	2019
12 600 000	12 600 000	Aksjekapital (126 aksjar à kr. 100 000)	10	12 600 000	12 600 000
<b>12 600 000</b>	<b>12 600 000</b>	<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>12 600 000</b>	<b>12 600 000</b>
21 324 488	25 956 435	Annan egenkapital		-4 648 376	13 461 457
<b>21 324 488</b>	<b>25 956 435</b>	<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>-4 648 376</b>	<b>13 461 457</b>
		<b>Minoritet</b>		<b>87 585</b>	<b>114 765</b>
<b>33 924 488</b>	<b>38 556 435</b>	<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	9, 14	<b>8 039 209</b>	<b>26 176 222</b>
9 935 961	11 218 444	Utsett skatt	8	9 324 849	11 514 778
<b>9 935 961</b>	<b>11 218 444</b>	<b>Sum anna</b>		<b>9 324 849</b>	<b>11 514 778</b>
18 929 749	18 929 749	Ansvarleg lånekapital frå BUL	5	18 929 749	18 929 749
25 438 240	23 523 302	Anna langsiktig gjeld til BUL	5	25 438 240	23 523 302
79 111 954	80 282 788	Gjeld til kredittinstitusjonar	6, 16	79 111 954	80 282 788
<b>123 479 943</b>	<b>122 735 839</b>	<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>123 479 943</b>	<b>122 735 839</b>
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar		3 144 194	0
953 327	1 527 540	Leverandørgjeld	5	4 198 387	9 978 676
79 418	1 883 733	Betalbar skatt	8	3 679 418	1 883 733
361 115	701 062	Skuldige offentlege avgifter		4 921 360	5 963 652
0	2 800 000	Utbytte	5	0	2 800 000
16 948 372	4 506 425	Anna kortsiktig gjeld	5	6 604 817	9 064 844
<b>18 342 232</b>	<b>11 418 760</b>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>22 548 176</b>	<b>29 690 905</b>
<b>151 758 136</b>	<b>145 373 043</b>	<b>SUM GJELD</b>		<b>155 352 968</b>	<b>163 941 522</b>
<b>185 682 624</b>	<b>183 929 478</b>	<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>163 392 177</b>	<b>190 117 744</b>

Oslo 17. mars 2021

Øivind Dahl  
Nestleiar

Arne Sunde  
Styremedlem

Rune Stenersen  
Styreleiar

Rikke Edland  
Styremedlem

Linn Helen Svendsen Lien  
Styremedlem

Ane Marte Wold  
Styremedlem

Trond Andersen  
Dagleg leiar



## Bøndenes Hus AS - Konsern

### Kontantstrømoppstilling

Bøndenes Hus AS		Konsern	
2020	2019	2020	2019
<b>Kontantstrømmer fra drifta</b>			
-5 835 012	18 149 267	-23 868 358	14 169 593
-1 883 733	-1 914 558	-1 883 733	-2 062 345
0	-11 068 608	0	-11 068 608
6 687 795	6 545 679	12 018 863	11 844 388
1 452 321	288 073	4 955 872	116 023
0	0	1 590 847	-2 270 377
-1 584 280	590 351	-126 296	1 154 079
-574 213	525 629	-5 780 289	3 503 558
-2 477 007	5 698 751	-403 441	-1 958 897
<b>-4 214 129</b>	<b>18 814 584</b>	<b>-13 496 535</b>	<b>13 427 414</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>			
0	13 125 000	0	13 125 000
-2 304 478	-4 969 417	-6 275 052	-17 151 000
0	-3 739 707	0	-3 739 707
0	0	-297 899	-489 000
-952 999	-1 804 160	0	0
0	0	0	0
0	-3 446 803	0	0
<b>-3 257 477</b>	<b>-835 087</b>	<b>-6 572 951</b>	<b>-8 254 707</b>
<b>Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter</b>			
1 914 938	1 179 878	1 914 938	1 179 878
-1 170 834	-4 683 336	1 973 360	-4 683 336
-2 800 000	-2 500 000	-2 800 000	-2 500 000
<b>-2 055 896</b>	<b>-6 003 458</b>	<b>1 088 298</b>	<b>-6 003 458</b>
<b>-9 527 502</b>	<b>11 976 039</b>	<b>-18 981 188</b>	<b>-830 751</b>
34 887 928	22 911 889	20 611 457	21 442 208
0	0	0	0
<b>25 360 426</b>	<b>34 887 928</b>	<b>1 630 269</b>	<b>20 611 457</b>
<b>25 360 426</b>	<b>34 887 928</b>	<b>1 630 269</b>	<b>20 611 457</b>
Denne består av:			
Bankinnskott m.v.			



Bøndernes Hus AS - Konsernnotar til rekneskapen 2020

## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

### Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsført etter kvart som dei blir levert.

### Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Eigedelar som er knytt til verekrløpet er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar blir klassifisert som omløpsmidlar dersom dei skal tilbakebetalast innan eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris. Varige driftsmidlar blir balanseført og avskrivne over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir balanseført og avskrivne lineært over forventa levetid, dersom driftsmidla er vurdert å ha ei levetid på over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla blir kostnadsført etter kvart under driftskostnader.

Påkostingar eller forbetringar blir lagt til driftsmidlet sin kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring blir rekna i høve til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

### Investeringar i andre selskap

Investeringar i andre selskap har blitt vurdert etter eigenkapitalmetoden fram til og med rekneskapsåret 2012. Selskapet har endra rekneskapsprinsipp til kostmetoden frå og med 2013. Kostprisen aukar når midlar blir tilført ved kapitalutviding, eller når det blir gitt konsernbidrag til dotterselskap. Mottekne utdelingar blir i utgangspunktet resultatført som inntekt. Utdelingar som overstig andel av opptent eigenkapital etter kjøpet, blir ført som reduksjon av anskaffingskost. Utbytte/konsernbidrag frå dotterselskap blir rekneskapsført same år som dotterselskapet set av beløpet. Utbytte frå andre selskap blir rekneskapsført som finansinntekt når det er vedteke.

### Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av kostpris etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi. Det blir føretatt nedskrivning for pårekleleg ukurans.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pådydande etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg blir det gjort ei uspesifisert avsetjing for andre kundefordringar for å dekke vurdert tap.

### Pensjonsplikter

Pensjonsmidlar i sikra pensjonsordning og pensjonsplikter i AFP-ordninga er bokført brutto.

Pensjonskostnader og pensjonsplikter blir berekna etter lineær opptening basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar, i tillegg til aktuarmessige føresetnader om dødeleghet, frivillig avgang osv. Endringar i pliktene som kjem av endringar i pensjonsplanar blir fordelt over venta attverande oppteningstid. Det same gjeld estimatavvik i den grad dei overstig 10 % av den største av pensjonspliktene og pensjonsmidlar (korridor).

Arbeidsgivaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikra (kollektive) pensjonsordningar, medan den blir periodisert i samsvar med endringa i pensjonspliktene for usikra pensjonar.

### Skatt

